



MELAND KOMMUNE
Postboks 79
5918 FREKHAUG

Dato: 04.06.2019
Vår ref.: 2019/11694-2
Saksbehandlar: sigwols
Dykkar ref.:

Mellombels fråsegn, varsel om synfaring - gnr. 49, bnr. 26 arealoverføring - lo - Meland

Viser til brev datert 10.05.2019 med søknad om dispensasjon for ovanfor nemnde sak. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt mynde innan kulturminnevern.

Ut frå våre arkiv er det ikkje kjend automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne innanfor det aktuelle arealet, men delar av området har topografiske trekk som gjer at det kan vere potensial for nye funn. Det er difor naudsynt med ei synfaring før me kan fråsegn til tiltaket. Ved synfaringa vil ein ta stilling til om det er påkravd med ei arkeologisk registrering, jf. kulturminnelova §§ 3 og 11. Synfaringa vil bli gjort så rakst som råd.

Hordaland fylkeskommune ber om at kommunen ikkje fattar vedtak i saka, før me har gjeve endeleg kulturminnefagleg fråsegn.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Sigrun Wølsted
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.